



HAREID ROTARY KLUBB

Månedsbrev for november 2011.

Distrikt 2305
Klubbnr. 12713

Årgang 47



Møtedag:	Mandag kl. 18.00 - 19.00
Møtestad:	Klubbhuset til Hareid IL, 6060 Hareid.
President:	Magnar Hatløy
Visepres:	Jarle Kristiansen
Sekretær:	Arne G. Aschehoug
Kasserar:	Johs. J. Hareide
Past pres:	Vigdis Riise
Styremedlem:	Karin S. Holstad
Styremedlem:	Øystein Alme
Ansv.red.:	Aage Nytun
Referent:	Oddvar Haugen

Fødselsdagar i november:

Oskar Grimstad	08. november
Arne Lillebø	24. november
Egil Utgård	26. november
Gunnar Riise	28. november

Frammøteprosent november: 58,3

Alene i båden om høstnatten.

*Ro med forsigtige åredyp,
det er farligt at ro slig en dødsstille kveld
så rent for sig selv.
Det er som det snakker derborte fra øen,
-- tro hvad det kan være --?
Her er ikke godsligt inat på sjøen,
her er noget på færde.*

*«O, herre Gud i himmelrig,
«o, se i nåde ned til mig,
«som mørkets onde magter
«med liste eftertragter --»*

*Det plasker ved båden i det blikstille vand,
der stiger noget blødt over rælingenens rand.
En mund blir åbnet, to øne skinner,
mens tangen glider, mens væden rinder.
To hænder løftes -- --*

*Ro med rasende åretag,
sjøsprut foran og sjøsprut bag,
fare afsted gjennem brått og brand
skrige, skrige alt det en kan --*

-- da ler det lavt ned i mørket.

Vilhelm Krag

Måndag 7. november.

Røyrafest.

So var det igjen tid for den tradisjonelle røyrafesten til Hareid Rotaryklubb.

I motsetning til tidlegare år møtte vi denne kvelden i sommartemperatur til fint pynt lokale. Åra før har det vore vinter i lufta, men temperaturen ute har ikkje so mykje å sei for stemninga som vert inne på denne koselege tradisjonssamlinga, med god mat frå lokalt spiskammers.

Presidenten ynskte alle velkomne, og spesielt Guvernør Einar Driveklepp.

Tradisjonen tru starta vi også denne samlinga med song, og Ingar tok opp tonen til Dansen på Sunnanø. Passa ganske godt til utetemperaturen.

Presidenten ga so ordet til Guvernøren som starta med å orientere litt om seg sjølv.

Han kjem opphaveleg frå Volda, og budde der til han var 17 år. Han var også med å grunnla Hadeland RK i 1986, og han har soleis rimeleg lang fartstid i Rotary.

Hareid RK vart samanslege med det nye distriktet 2305 i år, og i funderingane sine rundt dette med samanslåing av distrikt meinte guvernøren at kunne kanskje det ha vore venta litt med det.

Han vona på medlemsvekst i distriket og håpet er at kvar klubb skal få to nye medlemmer.

Han ga ein liten presentasjon av distrikt 2305 og lista opp dei områda som han meinte at dei var gode på.

Ungdomsutveksling

Ryla

Handicamp

GSE

Leiarutvikling

For å samordne dei to tidlegare distrikta arbeider dei assisterande guvernørane for å gjere seg opp ei meinig om korleis distriktet skal sjå ut, og det er ynskje om å bl.a. føre vidare ordninga som var i distrikt 2380 med presidentforum, og tanken her er at dette skal leiaast av ein assisterande guvernør.

Han kom også inn på fanesaka til Rotary, Polio Pluss, som no skal avsluttast. Vaksineringa på verdensbasis er no kome so langt at det er store moglegheiter for å halde utviklinga i sjakk, sjølv om det periodevis dukkar opp enkelt tilfelle. I samband med dette skyt Bill Gates inn 375 mill \$, og Rotary skyt inn 200 mill \$,

Som ei strategisk målsetting no når Polo Pluss skal avsluttast har det vore diskutert om Reint Vatn skal vere eit satsingsområde for Rotary.

Andre strategiske målsettingar framover vil vere å sette fokus på bl.a..

Omdøme

Etisk standard

Det er også viktig at klubbanne viser seg i lokalmiljøet.

Etter guvernøren sitt foredrag underheldt Sofie Tonev med eit musikalsk innslag, der det vart trakert både fløyte og gitar.


Matykta er som vanleg eit av høgdepunkta på denne samlinga, og fest/ kameratskapskomiteen varta opp med stor fin røyr frå Snip-søyrvatnet tillaga på beste måte. Her er det ekspertise på høgt nivå med lang erfaring.

Vigdis Riise las dikt om Ola og Marian noko som fall i smak i forsamlinga.

Nokre glimt frå Røyrafesten.



Guvernør Einar Driveklepp.



Musikalsk innslag ved Sofie Tonev.



Litt av menyen.



Nokre av fest/ kameratskapskomiteen: Rakel, Otto, Bernard, Sigbjørn



Det er snart mat å få.



Måndag 14. november.

Presidenten ynskte velkomen og som vanleg starta møtet med song.

Før presidenten gjekk over til kveldens program takka han alle som bidrog til at Røyrafesten og Guvernørbesøket etter ein gong vart til ein fin fest, av godt gamalt merke.

Han takka også Johns. J. Hareide, Sverre Ulstein og Jørn Gjerde for utført dugnad på Rotarystien, nedlegging av drenerør.

Einar Arne Riise har sendt helsing frå Spania, og presidenten refererte frå denne.

Kveldens tema var, Presidentens time.

Han starta foredrag med å presentere det nye distriktet, 2305, som Hareid Rotaryklubb etter omlegginga i 2011 tilhøyrer. Bl.a. korleis distriktsorganisasjonen er organisert, og dei 56 klubbanne som er med, og samansettinga av Presidentforum for 2011-2012.

Fokus for distrikt 2305 i 2011-2012 er

- Ungdomsutveksling
- GSE
- Ryla
- Handicamp
- Basis er den enkelte klubb, og Rotaryfondet er Distriktet sitt beste verkty.

Satsingsområda i 2011-2012 er

- Netto tilvekst på 2 medlemmer pr. klubb
- Behalde medlemmane som vi har
- Kvinner i alle klubbar
- Gjerde det mogleg for nye landsmenn å verte Rotaryanarar.

Presidenten gjekk so vidare og gav ei orientering om **Rotary Foundation** som inneheld mange viktige verkty for Rotary sitt arbeid. Han nemnda bl.a.

- Matcing Grants som er eit samarbeidsprosjekt for klubbar, distrikt. I denne samanhengen er Hareid med og støttat eit prosjekt som Volda RK har starta, med kr. 5.000,-.
- Polio Pluss er ein av merkesteinane til Rotary. Målet er å utrydde polio, og det er innan rekkevidde.
- Bill og Melinda Gates har også engasjert seg i lag med Rotary. Dei har lova å skyte inn \$355 mill dollar, dersom Rotary skaffar \$200 mill dollar. Pr. i dag har Rotary \$185,1 mill dollar og målet er oppnåeleg om alle er med.
- Frist 30. juni 2012.
- Hareid Rotary fekk inn kr. 10.000,- i samband med turvandring på Rotarystien. Av desse går kr. 5.000,- til Polio Pluss.
- Vigdis Riise er Polio Pluss ansvarleg i distriktet.

Rotarystien.

- Arbeidet med Rotarystien held fram, og dette har gitt klubben mykje positiv omtale, også utanom kommunen.
- Stien vert til neste år dobbelt så lang, og det vert ei utfordring for klubben både når det gjeld økonomi og menneskelege ressursar, gjennom dugnad.
- Her er kubben på utviklet etter samarbeidspartnerar både når det gjeld vedlikehald og aktivitetar.

Hareid Rotary Klubb 50 år.

- I 2015 er klubben 50 år. Og korleis dette skal markerast må kome på agendaen.

Medlemsutvikling.

- I klubben er det i dag 45. medlemmer. Guvernøren si målsetting er at kvar klubb minst skal ha ein netto tilvekst på 2 medlemer i rotaryåret.

Måndag 21. november.

Årsmøte.

Past president Vigdis Riise las opp årsmeldinga for rotaryåret 2010-2011.

Denne gav eit godt tilbakesyn på forrige rotaryår. Årsmeldinga konkluderer med at rotaryåret 2010-2011 var eit godt år for klubben, og eit rimelig greit år også økonomisk.

Årsmeldinga vart godkjent med nokre endringar.

Visepresident Anders Riise er nyvald ordførar i Hareid. Han seier difor frå seg vervet som visepresident i klubben.
Øystein Alme går inn i hans stad

Rekneskap.

Kasserar Johs J. Hareide la fram rekneskapen og denne vart godkjend av møtet.

Måndag 28. november 2011.

Programfritt møte med kaffi og kaker/ vafler.